

God sommar!

KYRKJELDSDIENESTEN FOR ETNEDAL



KYRKJE-VARDEN

Nr. 2

Sommar 2017

49 . årgang





DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og
fredag 09 - 15



SOKNEPREST

Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST

Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR

Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: ellen.rudi@oystre-slidre.kommune.no



SAKSBEHANDLAR

Linda Mæhlum Robøle
tlf. 957 64 900
E-post: l.robøle@etnedal.kyrkja.no



KYRKJETENAR

Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12
952 74 090

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD

Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD

Astrid Tollehaug, leiar
tlf. 906 59 921
E-post: astridtollehaug@bbnett.no



ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Ole Bergene, leiar
tlf. 950 89 360
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen

Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla SOMMAROPEN KYRKJE



Bibelordet:

Jesus om Den heilage Ande :

²⁶ Når Talsmannen kjem, han som eg skal senda dykk frå Far,

Sanningsanden som går ut frå Far, då skal han vitna om meg.

²⁷ Men de skal òg vitna,

for de har vore med meg frå første stund.

Johannes 15, 26-27



Bruflat kyrkje er sommaropen
4. juli – 6. august,
tysdag til søndag
Kl. 11-15

SOMMERKONSERTAR



ved organist Serhiy Bykov

Onsdag 5. juli

Onsdag 12. juli

Begge dagar kl. 1130 – 1200



Hugs Etnedalsdagane 2017, 1-2. juli
Arrangørar : Granumsbygda Vel og Etnedal jeger og fisk

Gudsteneste på Etnedalsdagane

Søndag 2. juli kl. 11

Gudsteneste frå scena ved Samfunnshuset.

Serhiy og Yulianna og Honning og Rigabalsam deltek med sang og musikk, og innimellom gode tekstar og toner, blir det ord for dagen og forbøn ved underteikna.

Vi bed om forståing for at de må betale inngangspengar for å kome inn på området.

Marit prest



Organist Serhiy Bykov og sokneprest Marit Slettum

Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt Anne Marit Stensæter, 41 04 74 17

Sommarferie:

Sokneprest Marit Slettum har sommarferie 4. juli – 6. august (har planlagt vigsel 15. juli og stølsmesse 30. juli) Vikar blir primært Sophie Panknin, som er 25 år og student ved Universitetet i Oslo.

Informasjon får du på kyrkjekontoret : 61 12 13 20
Kyrkjeverje Marie Bjørnødegård (918 37 011)
og Servicetorget i kommunen (61 12 13 00)

Misjonsstemne på Skogstadsetra

Søndag 16. juli inviterer Solfrid og Sigurd Skogstad til stemne på Fleten seter.

Talarar er Guri og Ola Tulluan. Det blir sang ved Ernst Jan Halsne

Arr.: Norsk Luthersk Misjonssamband.



Ola Tulluan

Aktivitetsdag på N.Leningen sæterhus 27. august

Ein tur til fjells?

Søndag 27. august blir det mange å treffe ved sæterhuset på Leningen heile dagen.


Det startar kl. 11 med gudsteneste, der det blir utdeling av kyrkjebøker til 6-åringar og markering av skulestart. Etter gudstenesta blir det aktivitetar og servering.

Ca. kl. 13 tilbyr Etnedal historielag til felles spasertur, til plassen der Bua-Eirik heldt til.

Frå same tid (og utover dagen) har Etnedal mållag dialektkonkurrans i sæterhuset og sal av gradestokkar og kort.

Kl. 16 startar grillfesten til Etnedal helselag, der det tradisjonen tru blir hesteskokasting, anna underhaldning, utlodding og kaffeservering.

Grillen er varm, grillmaten tek kvar enkelt med sjølv



Normisjonsdag i Bruflat kyrkje 3.september

Fyrste søndagen i september har gjennom svært mange år vore Normisjonsdag i Bruflat sokn. I år blir det ei allsidig gudsteneste med utdeling av 4-årsbok, 50-årskonfirmant-jubileum og eige preike for barna i sakristiet. Ann Helen Aaslund frå Normisjon preiker for dei vaksne og Husmormusikken frå Hedalen deltek med sang.

Etter gudstenesta blir det kyrkjesaft og –kaffe og informasjon om Normisjon



Ann Helen Aaslund



Husmormusikken

Bispevisitas i Etnedal 19.-24.september 2017

Biskop Solveig Fiske kjem til Etnedal i september for å visitere (se etter) den kyrkjelege verksemda i bygda og sokna våre. Pilegrims-og personalprest Lars Erlend Kielland på Hamar bispedømmekontor blir med biskopen på visitasen, som varar i tre heile dagar, tysdag 19.-torsdag 21. september pluss visitasgudstenesta i Bruflat kyrkje søndag 24.september. Dei tre fyrste dagane vil biskopen møte sokneråda, fellesrådet, kyrkjeleg tilsette, kommunen, skulen, barnehagen, friviljugt arbeid i Etnedal og vere med på bedriftsbesøk. Etter gudstenesta søndag er det avslutning på Menghetshuset, der biskopen held visitasforedraget sitt.



Vi ynskjer
biskop Solveig Fiske
hjarteleg velkomen
til Etnedal.

Frå førebuaende møte 10. mars



Bak: Lars Erlend Kielland frå bispekontoret, organist Serhiy Bykov, leiar i Bruflat sokneråd Kjell J. Fjeld, leiar i kyrkjeleg fellesråd Ole Bergene, kyrkjjetenar Nils Kjell Nilsen, klokkar og kyrkje-lydsarbeidar Ellen Oddveig Rudi.

I midten : Leiar i Nord-Etnedal sokneråd Astrid Tollehaug, sakshandsamar i Bruflat sokneråd Linda Mæhlum Robøle og trusopplærar Helena Wright. Foran: Prost Carl Philip Weisser, kyrkjeverje Marie Bjørnødegård og sokneprest Marit Slettum

(Fotograf : Lisbeth Lyckander Aune)

Pårørandeskule

Demensgruppa i Etnedal helselag arrangerer, i samarbeid med pleie-og omsorgstenesta i kommunen, kurs for pårørande til personar med demens. Fyrste kurskvelden blir torsdag 28. september, pluss dei neste fire torsdagane 18-21.



MÅL FOR KURSET :

- Å gje pårørande til personar med demens større kunnskap om demenssjukdomane
- Å auke kunnskapen om samhandling med personar med demens, for å gjere kvardagen lettare.
- Gje pårørande betre kunnskap til rettar og aktuelle lover, og korleis få kontakt med hjelpeapparatet.
- Tilby støtte gjennom å møte andre pårørande som er i same situasjon.

For nærare informasjon, kontakt Demensgruppa i Nasjonalforeningen Etnedal helselag ved Ragnhild Fagernæs, tlf. 90583486 el. Marit Slettum, tlf. 91393314

En slags informasjonsleder

Av Asbjørn Kvalbein, Norea Mediemisjon
Pinsedag
Prekentekest: Johannes 14, 23-29

Jesus svarte: «Den som elsker meg, vil holde fast på mitt ord, og min Far skal elske ham, og vi skal komme og bo hos ham. Den som ikke elsker meg, holder ikke fast på mine ord. Det ordet dere hører, er ikke fra meg, men fra Far, han som har sendt meg. Dette har jeg sagt dere mens jeg ennå er hos dere. Men Talsmannen, Den hellige ånd, som Far skal sende i mitt navn, skal lære dere alt og minne dere om alt det jeg har sagt dere.

Fred etterlater jeg dere. Min fred gir jeg dere, ikke den fred som verden gir. La ikke hjertet bli grepet av angst og motløshet. Dere hørte at jeg sa: Jeg går bort, og jeg kommer til dere igjen. Hvis dere elsker meg, var dere glade for at jeg går til Far, for Far er større enn jeg. Nå har jeg sagt dere dette før det skjer, for at dere skal tro når det skjer.

Pinsen er festhøytiden for Den hellige ånd. Hva denne Ånden gjør, kan illustreres med et bilde.

En mann som het Fred, ble forelsket i en ung dame. Hvordan skulle han fri og si at han elsket henne? Fred bestemte seg for å leie en reklameplass, og på den kunne alle lese: «Kari, vil du gifte deg med meg? Fred.» Kari passerte plakaten dag etter dag, men hun la ikke merke til den og så ikke budskapet.

Men etter en stund var det en venn som gjorde Kari oppmerksom på plakaten. Neste gang hun så den, leste hun den og svarte Ja til Fred.

Guds evige kjærlighet er kommet med Jesus. Det er lett for de fleste å fare forbi og la være å lese budskapet. Da er Den hellige ånd hjelperen som gjør oss oppmerksom på at det gjelder oss.

«Talsmannen, Den hellige ånd, som Far skal sende i mitt navn, skal lære dere alt og minne dere om alt det jeg har sagt dere,» sa Jesus. Ånden er en slags informasjonsleder og holde-saken-varm-person i guddommen.

En viktig sak for Jesus trer fram i pinsedagsteksten: «Den som elsker meg, vil holde fast på mitt ord, og min Far skal elske ham . . . Den som ikke elsker meg, holder ikke fast på mine ord.» Mange tenker på kristendom og dekker seg bak ryktet om at «det er så mange tolkninger». Men ordene fra Jesus er stort sett krystallklare, og ved Åndens hjelp skinner de. Da utfordres vi: Tror vi dem? Holder vi fast ved dem?

Jesus lovte etterfølgerne sine en annerledes, kvalitets sikret fred da han sa: «Fred etterlater jeg dere. Min fred gir jeg dere, ikke den fred som verden gir. La ikke hjertet bli grepet av angst og motløshet.» Gode ord å ta med seg i en turbulent verden.





Ånd fra himlen

Ånd fra himlen, kom med nåde,
 Kom med liv og lys her ned!
 La din guddommakt nå råde,
 gjør oss vis til salighet!
 Livets ord må du forklare, Så det virker hva du vil.
 La oss her dets kraft erfare,
 fyll vår sjel med hellig ild.

Herre Jesus, du vår glede,
 Kom med legedom og fred!
 Tal til oss som er til stede,
 om din store kjærlighet.
 Kom til hvert bedrøvet hjerte
 som på syndens byrde bær,
 før dem ut av angst og smerte,
 tal din fred til sjelen her!

Hør vår bønn, all godhets giver,
 Fader, Sønn og Hellig Ånd!
 Du som var og er og bliver,
 rekk nå ut din allmakts hånd!
 Kom til gamle, kom til unge
 i din kraft og med din fred!
 Så skal vi med jubel sjunge:
 Herren er på dette sted!

Elevine Heede



Pinse

Kyrkjeåret har sitt utgangspunkt i Jesu liv og gjerning, og etter jul og påske kjem den tredje store høgtida, pinse.

Ordet Pinse kjem frå det greske ordet «pentekostos»(engelsk : pentecost) som tyder 50.

Pinse = 50 dagar etter påske og 10 dagar etter Kristi himmelfartsdag.

Både før sin død og då han forlot dei på fjellet, bed Jesus apostlane om å vere i Jerusalem til dei har fått Andens gåve.

Jødane feirar pinse til minne om at Gud slutta ei pakt med folket og ga dei bodorda ved Sinaifjellet. Folket som var samla på «den fyrste kristne pinsedagen» som vi les om i Ag.gj. kap. 2, feira soleis jødisk pinse.

Midt i feiringa sender Gud Fader Den Heilage Ande over apostlane.

Anden manifesterar seg ved eldtunger og språkunder, og Peter tek til å fortelje om Jesu død og oppstode med stort frimod.





KIRKENS NØDHJELP

actalliance

Kirkens nødhjelp fasteaksjonen i Etnedal 2017

Fokus på reint vatn, kjempefin fasteaksjonskveld og ny innsamlingsrekord vart fasiten etter fasteaksjonen 2017.

Det gjer inntrykk å høyre om kor mange i verda som manglar tilgang til reint vatn. For oss er det sjølv sagt å skru på ei kran og oppleve reint godt vatn, både til drikke og matlagning, og til velgjerande vask i servant og dusj.

Kirkens nødhjelp har gjennom 50 år drive hjelpearbeid i ei lang rekke land. I dag handlar det om katastrofehjelp, førebyggjande arbeid og aktiv påverknig i politiske prosessar i kampen for rettferd i verda.

I katastrofeområde er Kirkens nødhjelp kjent for å vere i fremste rekke med vannforsyning, og som førebyggjande aktør med brønnbygging.

Vi teller i dag millionar som kan takke Kirkens nødhjelp for at dei har fått reint vatn.

I Etnedal samla vi inn kr. 26.887 til fasteaksjonen dette året. Eit fantastisk og rekordstort resultat, som vi særleg takkar konfirmantane og alle gjevarane for.

Tusen takk for hjartelaget de syner!

Ifylgje Kirkens nødhjelp har vi vore med på å gi 134 menneske tilgang til reint vatn!

Takk også til foreldrar og besteforeldrar og Jan kyrkjjetenar som stilte opp og køyrde konfirmantar, og til Ragnhild Fagernæs som gjekk ei stor bøsserute på Bruflat.

Som leiar sto Ragnhild også i spissen for eit aktivt diakonitval, som arrangerte ein strålande fasteaksjonskveld.

Menighetshuset var flott pynta, gevinstbordet stort og innhaldsrikt, og både salaten og kakene var veldig gode.

Fleire av dei syriske innvandarane våre hadde også laga kjempegod, sunn mat frå heimlandet sitt, og Kristin Nicolaysen frå Kirkens nødhjelp orienterte om det viktige arbeidet KN gjer. Og banksjefen sjølv, Stian Andre Skåren telte pengar, saman med lokal Kirkens nødhjelpkontakt Tutta Solberg.



Ragnhild Fagernæs var leiar for den livfulle kvelden.



Spennande rettar, Ahmad Charaf frå Syria ved bordet.



Nøgne konfirmantar som er ferdige med ruta si;

Øyvind Telstø,
Caroline Tidemandsen
Kompelien og
Sander Bekim Åmodt

Aktivt miljø på fasteaksjonskvelden



Fredrik Fossum leverer bøssa si til Stian André Skåren og Tutta Solberg.

Tekst og bilde:
Marit Slettum

17. mai-gudsteneste med konfirmantane og tradisjonell korsang



Forbøna sto desse for: Anette Bergene, Mikael Ødegård Skåren, Kjersti Bergene, Ragnhild Øistuen og Øyvind Telstø



Diktlesarar under gudstenesta Fredrik Fossum, Sigve Stubbene og Caroline Tidemandsen Kompelien



Lystennarar : Tonje Madelen Rønsmoen, Eskild Ødegård, Henrik Røhne Trondhjem, Daniel Nyseth



Bruflat sangkor, tradisjonelt og fint innslag



Faksimale frå avia Valdres, som hadde konfirmantane sin innsats med i si Valdres-overslag frå 17.mai.

Frå konfirmantturen til Oslo 18. mai



Besøk hos Norsk Luthersk Misjonssamband på Sinsen.

NLM Ung ved Han Kristian Skaar informerte om kva ein misjonsorganisasjon driv med, og fortalde om eit stort arbeid både i Afrika, Sør-Amerika, Asia og Noreg. Her i heimlandet har NLM til dømes mange skuler, og mange

krysser landegrensene for å fortelje andre menneske om Jesus Kristus.

Vi møtte også misjonær Kasi Bøvre, som har hatt sitt arbeid blant muslimar i Somaliland i Kenya.



Den jødiske synagogen i Bergstien ved St. Hanshaugen.



Anne Cath. Fischer fortalde om det mosaiske trussamfunn, jødene i Noreg og deira kvardag no og tidlegare. Konfirmantane fekk eit lite innsyn i den tragiske historia frå 2. verdskrigen, då jødane vart deportert og dei fleste sendt til dødsleiren i Auschwitz.

Antisemittisme i dag var også tema, og det gjorde inntrykk på oss alle at det er kontinuerleg vakthald ved synagogen. Politiet har eige kontor, og uniformert politi står tidvis væpna ved inngangen.

Det kom også fram at ein skilde skuleelevar som har vore i synagogen på besøk, har gjort nazihelsing og teikna hakekors på bøneskåp og andre plassar.



Frå synagogen gjekk vi til Henrik Wergeland sitt gravminne på Vår Frelzers gravlund.

Der fann vi også blomekransen som Det jødiske ungdomssamfunn hadde lagt på grava hans 17. mai. Det er ein årleg tradisjon at unge jødar startar nasjonalfeiringa si her. Henrik Wergeland var ein av dei fremste protestantane mot Grunnlovens jødeparagraf frå 1814, som nekta alle jøder adgang til landet vårt.

Wergeland er fødd i 1808. Far hans, Nikolai var prest på Eidsvoll, og også medlem av Riksforsamlinga, som gjorde grunnlovsvedtaket.

Wergeland, som er ein av vårt lands fremste lyrikarar, kjempa i ord og tale mot jødeparagrafen. Han sendte i 1837 eit framlegg til Stortinget om å endre paragrafen.

I 1845 døydde han, berre 37 år gamal, og fekk ikkje oppleve at paragrafen vart endra,

men han ga eit vesentleg bidrag til at den omsider vart fjerna på 1850-talet.



Godt fellesskap i bussen på vegen heim!

Hjarteleg takk til Ingun Kompen og Solveig Skåren som var med oss på osloturen!

Marit prest

Tekst : Marit prest

Bilder: Ingun Kompen

Kyrkjelydsfesten 2017

Anne Hilde Øigarden, før prost og no pilegrimsprest, hadde eit interessant foredrag om pilegrimsvandring på årets kyrkjelydsfest. Ho tok for seg både historikken og den lokale pilegrimsvandringa i Valdres.

Moderne pilegrim

Namnet pilegrim tyder eigentleg framand, altså ein som ikkje bur fast. I vår tyding av ordet er det helst ein vandrar, ein som går eller sykklar til ein heilag plass.

Er du utstyra med ein hatt mot sola, ei kappe mot ver og vind, ein stav og ei lita veske eller ein ryggsekk – og målet er ei helgengrav, gjerne med ei kyrkje – då er du ein moderne pilegrim.

Historikk

Dei eldste kristne hadde gravkyrkja i Jerusalem som pilegrims mål, og i tillegg til andre plassar med tilknytning til Jesu liv og virke. For dei som hadde Roma som mål, var det knytta til apostlane Peter og Paulus. I Nord-Spania var målet Santiago de Compostella, der Jakob var apostelen for pilegrimane. Mange pilegrimar vandrar med eit kamskjell i bagasjen. Det er det fremste pilegrimsymbolet, knytta til apostelen Jakob.

Dei siste åra har det stadig vorte fleire folk som deltek i pilegrimsvandringar. For å få godkjent ei pilegrimsrute, må ein minst gå dei siste 10 mila før målet.

Pilegrims mål i Noreg

I Noreg er det Olavs-vegar med fleire alternative ruter som endar i Trondheim. Nidarosdomen er det naturlege målet, fordi mange meiner at Olav den heilage er gravlagt der. Det blir framleis leita etter ei eventuell grav.

Meir enn 1000 personar vandra og fekk Olavs-brevet i 2016. Mange fleire går etapper av strekningen årlig, ein del vandrar også aleine.

Sunniva-leia er ei pilegrimsrute til Selje på Stad. I Røldal er det eit sveittande krusifiks som er målet.

Valdres-vandring

Lokalt i Valdres går leia frå Hedalen ved stavkyrkja der, til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Kyrkja er vigd til erkebiskop Thomas Becket som vart drepen framfor altaret i kyrkja i Canterbury i 1170.

Valdres var då ein del av Vestlandet, og stavkyrkja på Filefjell vart bygd frå 1173 til 1808. Ny kyrkje vart sett opp som ei ekumenisk soknekyrkje for alle trussamfunn i 1971.

Det var prest Tordis Ødegård som i 2004 hadde ideen til pilegrimsvandringa i Valdres. Endepunkta måtte vera Hedalen og Filefjell, men kva retning skulle ei vandring

gå? Det vart vald å gå nord-vestover, med start frå den eldste stavkyrkja i Valdres, med det svært spesielle relikvieskrinet som er i Hedalen. Kwart år er det fellsvandring, i år med start Jonsokkvelden, med utsendingsmesse og dåpspåminning.

Stille vandring

Vandringa skal vera i stillheit, som for mange kan vera vanskeleg i starten, men blir veldig fint etter kvart. Det er ei indre vandring i tillegg til den fysiske.

Vandringa går over 8 dagar, 170 km. Det lengste strekket er på 27 km, det kortaste 13 km. Dei går langs bygdevegar, skogstigar, sætervegar, på grus og på asfalt. Flokken er innom 14 kyrkjer og minst tre Olavs-minne.

Overnattingane startar på Solheimen i Hedalen, vidare på skular, ute i gapahuk eller i telt. Det er eigen følgjebil, og det er tilrettelagt med mat. Jahn Børe Jahnsen og Anne Hilde Øigarden er med heile vegen. Anne Hilde seier at Jahn går fyrst, og ho går sist og dyttar! Høgaste passeringpunkt er på 1200 meter.

Verkelege Valdres-pilegrimar

Vandrarane hentar vatn i Olavs-kjelda til Reinli stavkyrkje. Dei har morgon- og kveldsbøn i kyrkjer om dei er nær nok. Dei går Fodnesåsen til Ulnes, vestsida innom Mo kyrkjeruin og Tingsteinen, til dei kjem til Slidredomen. Der er det gusteneste, og ein labyring som pilegrimane ”går” gjennom med fingertuppane.

Etter 170 km og åtte dagar når pilegrimane fram til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Der går dei tre rundar rundt kyrkja – og er dermed verkelege Valdres-pilegrimar.

Tekst: Ingun Kompen

Foto: Hedalskyrkja: Trond Øigarden

Frå kyrkjelydsfesten: Ingun Kompen og Marit Slettum




Anne Hilde Øigarden heldt eit interessant foredrag om pilegrimsvandring



Vegard Thon imponerer med sin torader.

Frå pilegrimsvandring
i Valdres.

Frå starten i Hedalen.



Tuttamåleri av kyrkjene var gevinstar på festen – to forskjellige... Ragnhild Fagernæs vann begge.

Vårbasar på Menighetshuset

Det var liv og røre ein heil laurdag på Menighetshuset i mars, då styret i Bruflat menighetshus arrangerte basar, og blide menneske fylte huset nesten til siste plass.

Nokre få loddbøker hadde vore i omløp på førehand, og fleire vart raskt fylde utover dagen.

Det var stadig kø ved loddsalet, og eit stort antal årer fauk også unna på ei lita stund, slik det vanlegvis gjer på ulike arrangement her i bygda.

Folk vart møtt med populær grauteservering, og dei som endå var litt sultne fylte på med vaflar og kaffe utover dagen.

Brutto resultat av basardagen vart kr. 19.000

Innimellom loddsal og servering var det trivelege sanginnslag ved Honning og Rigabalsam og Gjenbruksmusikken, og Gunnvor Heiene frå Hedalen heldt ei god og tankevekkande andakt, som ga noko både til hjarte og hjerne.

Tekst : Marit Slettum

Foto: Ingun Kompen



Honning og Rigabalsam. Roger Hoel, Tone Steinset, Anne Marit Stensæter, Ingebjørg Storsveen og Marit Lund.



Kari Wold og Anne Marit Stensæter serverer rumme-graut og saft. Bak bordet; Aase Robøle, Kåre Johansen, Olga Småladen, Asmund Wold, Ingrid Bergene og Solveig Breien Johansen.



Loddsalet gjekk strykande. Ved bordet Kåre Johansen og Marit Slettum. Ivrigte loddkjøparar er Aud Ingrid Austdal, Ingebjørg Storsveen, Marit Lund og Else Marie Bjørnødegård



Anne Marit Stensæter, her på talarstolen, er leiar i styret for Bruflat menighetshus, som har Normisjon, Norsk Luthersk Misjonssamband og Det norske Misjonsselskap som eigarar.

Palmesundags-messe på Mosletta

Palmesundag var det som vanleg gudsteneste på Mosletta i Sør-Etnedal. Etter tradisjonen er det også eit godt måltid etterpå, laga og servert av Lundstein Helselag.

I år møtte det rundt 30 på gudstenesta. Marit Prest starta med å minne om at det har vore eit bedehus på andre sida av elva, som var starten på tradisjonen som no held fram i klubbhuset. Ho var også innom kva akkurat denne dagen, 9. april, betyr i den norske historia. For 75 år sidan, på 5. april, var det prestane som protesterte mot nazismen med å legge ned sine verv. Det var berre den statlege delen som vart nedlagt, og nokre vart fengsla. Meir enn 90 % held fram i tenesta, men dei fekk inga lønn frå staten.

Lærarane nekta òg å undevise. Alt fekk stor betydning, og førde til eit unikt samhald. Menneskesynet som mellom anna førde til forfylgjing av minoritetsgrupper, så som sigøyningar, funksjonshemma og homofile, dødsleiar der over seks millionar menneske vart gassa i hel, dei aller fleste jøder. Ein ideologi det verkeleg var grunn til å protestere mot.

Marit gjekk vidare til den bibelske historia om påska, med krossfestinga av Jesus. Han visste kva som venta, var fylt av angst, men måtte stå i det åleine.

Forbønna var mellom anna for flyktningane i verda, som også må forvente å få respekt for rase, kjønn, hudfarge og religion.

Postludiet til Serhiy organist var som vanleg ein fin liten konsert, før dei fleste framførte hadde ei hyggestund med velsmakande kyrkjekaffe.

Tekst og foto: Ingun Kompen



Delar av forsamlinga, sett frå inngangsdøra



Ivrig kaffeprat rundt borda.



Sigrid Rønsmoen bidrog saman med dei andre aktive damene i Lundstein helselag til triveleg og god kyrkjekaffe, med rikeleg servering.

«Mi salme»



Siv Bergene velger salme:

Jeg takker Gunhild for utfordringen med å skrive om «min salme»

Jeg fant en gammel salmebok som jeg begynte å se i, det er mange vakre salmer og salmer til ettertanke. Men «min salme» var enkelt å velge, for den har jeg et nært forhold til. Jeg har sunget den salmen for barna hver kveld når de var små og synes det er en veldig koselig og fin avslutning på kvelden. Den sto ikke i den gamle salmeboken, for det er en nyere salme. Men ved et søk på nettet fant jeg presentasjon av salmer fra Norsk salmebok 2013 og der var den med.

Det er en aftenbønn av Margrethe Munthe som heter: Kjære Gud, jeg har det godt

*Kjære Gud, jeg har det godt
Kjære Gud, jeg har det godt,
takk for alt som jeg har fått.
Du er god, du holder av meg.
Kjære Gud, gå aldri fra meg!
Pass på liten og på stor,
Gud bevare far og mor.
Og alle barn på jord.*

Jeg utfordrer min svigerinne Mette Bergene til å velge salme neste gang.

Andre kjente barnebønner :

Nå lukker jeg mitt øye,
Gud Fader i det høye,
i varetekt meg ta!
Fra synd, fra sorg, fra fare,
din engel meg bevare,
som ledet har min fot i dag.

Jesus, du er glad i meg.
Takk for alt eg får frå deg.
Kom til oss, som du har lova.
Ver hos meg når eg skal sova.
hjelp kvart barn på denne jord,
sysken, venner, far og mor.



Ønskediktet

Randi Landmark utfordret meg i siste nummer av Kyrkjevarden til å komme med et dikt.

Jeg har valgt meg et dikt av Hans Børli, ett som jeg synes er flott og stemningsfullt.

Ønsker alle en god sommer, og sender utfordringen videre til min gode venninne Maria S. Sørhusbakken.

Toril Stubbene



På Madslangrudberget saman med barnebarna Aron og Angelica.

JUNIKVELD

*Vi sitter i slørblå junikveld
og svaler oss ute på trammen.
Og alt vi ser har dobbelt liv
fordi vi sanser det sammen.*

*Se - skogsjøen ligger og skinner rødt
av sunkne solefalls - riker.
Og blankt som en ting av gammelt sølv
er skriket som lommen skriker.*

*Og heggen ved grinda brenner så stilt
av nykveikte blomsterkvaster.
Nå skjelver de kvitt i et pust av vind
- det er som om noe haster.*

*Å flytt deg nærmere inntil meg
her på kjøkkentrammen!
Den er så svinnende kort den stund
vi mennesker er sammen.*

**Dagen i dag -
er en underlig dag.
Den er din.**

*Dagen i går slapp deg ut av hendene.
Den kan ikke få annet innhold
enn du alt har gitt den.*

*Dagen i morgen har du ikke noe løfte på.
Du vet ikke om du kan regne med
å råde over den.*

*Men dagen i dag er det eneste
du kan være sikker på.
Den kan du fylle med hva du vil.
Benytt deg av det.*

*I dag skal du glede et menneske.
I dag kan du hjelpe en annen.*

*I dag kan du leve slik at noen
i kveld er glad for at du er til...*

*Dagen i dag er en betydningsfull dag.
Den er din!*

Georg Brandes



La humla leve

Humler, bier og alle slag arter har tilpassa seg dei menneskeskapte endringane gjennom alle tusenår. Det tekniske jordbruket vart likevel eit sjokk for ville plante - og dyrearter, og den økologiske balansen vart meir og meir forstyrta. Utslåteteigar og naturlege beitemarker grodde att, og artsmangfoldet av blomar og urter minka. Det same skjedde med bier og humler, ikkje berre her, men over heile kloden.

Moderne gras - og kornproduksjon gjer ikkje plass for blomeenger. I motsetning til kulturenger som blir gjødsla og slegne opptil fleire gonger i løpet av ein sumar, blir villblomeenger og utslåttar oftast ikkje hausta og rekk dermed å spreie dei mogne frøa sine ved hjelp av humler og bier. No kan faktisk gardsbruk få offentleg økonomisk stønad for å drifte landskapet på gamlemåten. Ettersom tapet av mange humle - og biearter er eit faktum over heile kloden, blir kan hende dette ei løysning i framtida, men da må nok styresmakterne skjønne alvoret. Forutan frøspreiing blir det lite mjølk og kjøtt på bordet.

Dei som driv med grasproduksjon, veit nok at utan humler blir det dårleg raudkløver - avling, for raudkløveren er heilt avhengig av humlene for å få spreidd frøa sine. Sjølv om humler og bier likar mange av hagevekstane våre, er dei avhengige av dei ville artene for å få skaffa nok honning til etterkommarane sine.

No er det eit frøslag å få kjøpt hos gartnarane som heiter honningurt, lett å dyrke, pen å sjå på og populær hos humlene!

Heldigvis er no mange av dei sprøytemidlene som var i bruk for ein mannsalder eller to sidan, forbode.

Dei tok livet av mange av våre viktige medhjelparar blant insekta. Øistein Parmann, kjent journalist og forfattar, dreiv og med birøkt. Ein sommar vart to av birøktarane hans ramma av ein mystisk nervesjukdom. 40000 bier døydde. Det synt seg at det var brukt eit svært giftig sprøytemiddel i ein rybsåker i nærleiken.

Dronning Sonja bekymrer seg også for desse for oss livsviktige insekta. Slottsparken som er på 225 dekar, har no 19 blomeenger med bikuber og humlehotell. Alle som er innom slottsparken blir begeistra over dette naturlege, ufriserte anlegget. Humlehotell av mange slag og materialar til det, dersom ein vil lage slike sjølv, er å få kjøpt på hagesentra.

I Oslo og andre stader og, kan ein sjå bikubar plasserte på flate tak, i mangel av ein annan høveleg plass.

I Storbritannia har mange slutta å frisere kvar kvadratmeter av hagen og dyrkar heller fram ein flekk blomeeng, til glede for seg sjølv og dei livsviktige insekta. Her i Etnedal kan vi framleis gle oss over mange naturlege blomeenger.

Det er fint å sjå at mange ville blomeartar får stå i fred for kantslåtmaskiner til dei har fått frøsett seg. At tirlunge, blåknapp og prestekragar får bløme ut, er ei glede for oss som ferdast etter vegen, og til stor nytte for humlene, og dermed også for oss.

NB. Dersom ei humle har forvilla seg inn i huset, så er det om å gjere å få henne fort ut att. Ho tåler ikkje innelivet!

Tone Steinset



Ei portugisisk humle, ved vestlegaste punkt i Europa. Foto: Ragnhild Fagernæs

Kor vart det tå dei

Sonja Mona Syversen – alltid etnedøl

Sonja Mona med jentenamnet Bergene har framleis hus i Etnedal, flittig brukt som ferie- og fritidsbustad. Det var også barndomsheimen til ungane hennar. Adressa er Kåres veg i Graneisbygda, og Bjørg Irene Bergene frå Haugalia var mor hennar.

Sonja Mona vart født i Gøteborg i 1971. No har ho heimen sin på Gjøvik der ho er psykisk helsearbeidar i kommunen. Ho har også budd på Nesodden.

Familie

Sonja Mona har tre barn; eldstemann Richard på 25 år bur på Biri. Døtrene er Sina på 13 og Aila på 11 år. Dei karakteriserer smilande mora som masut – men så er ho no snill òg! Ho tek med alle ungane etter tur på lange reiser. I fjor var det jentene sin tur. Då drog dei heilt til Peru og utforska mellom anna regnskogen der. Eit resultat av reisa er levande, stor interesse for kulturen dei møtte.

Far hennar bur i Florida, så dit reiser dei årleg.

Bøker

Undrast lesarane på kvar dei har vore borti namnet Sonja Mona før, er det berre å gå i bokhylla heime eller på biblioteket. Ho har skriva fleire bøker. ”Knust glass” er boka der ho brukte erfaringane sine frå ni år som ruskonsulent både på Nesodden og i Valdres. ”Røstens dom” handlar om Bua-Erik som skal ha budd på Leningane i ei lita steinbu som framleis er å sjå i Bua-Erik-vegen. Ho har dikta rundt historia om denne karen som skal ha rømt frå velstand til eit svært strabasiøst liv.

- Sagn og gamle historier synest eg er så artig, seier Sonja Mona. Ho innrømmer at sagnet om Byfuglikjeringa er interessant, så kanskje er det alt i tankane som idè til innhaldet i ei ny bok. Sonja Mona slepper ikkje banda til dalen der ho budde i over 20 år. Og kyrkja hennar er Bruflat kyrkje, kyrkja ho vart både døypt og konfirmert i. Dessutan er alle ungane hennes også døypte der.

Tekst og bilde : Ingun Kompen



Jentetrio: Sonja Mona Syvertsen med døtrene Sina og Aila.

Vårgudsteneste i Fjellsbygda

Grendehuset i Fjellsbygda var fylt nesten til siste plass, då forsamlinga stemte i «No livnar det i lundar» i ekte glede over at våren og sommaren endeleg er her.

«Bønnens søndag» blir 6. søndag i påsketiden kalla, og både salmene, tekstane og preika bar preg av denne gáva som Gud har gjeve oss.

Evangelieteksten var likninga om enka og den urettferdige dommaren i Lukas ev. kap. 8

«1 Han fortalde dei ei likning om at dei alltid skulle be og ikkje mista motet: 2 «I ein by var det ein dommar som ikkje hadde ærefrykt for Gud og ikkje tok omsyn til noko menneske. 3 I same byen var det ei enkje. Ho kom gong på gong til han og sa: 'Hjelp meg i saka med motparten min, så eg kan få min rett.' 4 Lenge ville han ikkje, men til slutt sa han med seg sjølv: 'Endå eg verken har ærefrykt for Gud eller tek omsyn til noko menneske, 5 vil eg hjelpa denne enkja til retten hennar, sidan ho plagar meg slik, elles endar det vel med at ho flyg like i synet på meg.' » 6 Og Herren sa: «Høyr kva denne uærlege dommaren seier! 7 Skulle så ikkje Gud hjelpa sine utvalde til retten dei-ra, dei som ropar til han dag og natt? Er han sein til å hjelpa dei? 8 Eg seier dykk: Han skal raskt sørgja for at dei får sin rett. Men når Menneskesonen kjem, skal han då finna trua på jorda?»

Tekst : Marit Slettum

Bilder: Ragnhild Fagermæs



Ein del av forsamlinga på grendehuset i Fjellsbygda



Rikeleg med servering.



Kjell Jørgen Fjeld og Marit prest teller takkofferet. Denne dagen vart det gjeve kr. 2312 til Institutt for sjelesorg på Modum bad.



Eit lite søskentreff, Gjertrud Breien, Anne Marie Jørnolid, Solveig Breien Johansen og Ola Breien. Alle har dei vakse opp i Breidal.

Kristi himmelfartsdag – fast gudstenestedag i Svilosen

I omlag førti år har det vore gudstenester i Svilosen. Tanken var å bygge eit kapell oppi åsen, og kapellkontoen eksisterte i mange år, før den tanken vart skrinlagt.

Fleire har gjestmildt opna heimane sine for gudstenester, og det har tradisjonelt vore på Kristi himmelfartsdag.

I mange år veksla det mellom Blesen og Bergstølen, men det var også messer på Juven og N. Garastølen. Dei seinare åra har det veksla mellom Blesen og Juven, dette året var vi hos Sigrun og Kåre Espeseth på Blesen.



Serhiy organist og Marit prest under gudstenesta.



Vertinna Sigrun saman med gudstenestedeltakarar rundt eit triveleg kaffebord.



Sigrun og Kåre Espeseth ynskjer gjestmildt velkomen til Blesen.

Pilegrimsvandring i Valdres sommaren 2017



Det er enno ledige plassar på pilegrimsvandringa gjennom Valdres som startar i Hedalen 24. juni og avsluttast i St.Thomas-kyrkja på Filefjell 1.juli.

Astrid Tollehaug frå Etnedal skal vere med, og ho har sydd seg eige sitteunderlag, i praktfull skinnfellsaum til turen. Fylgjande tekst står skreve langs kanten: «Må din vei gå deg i møte og må vinden være din venn og må solen varme ditt kinn og må regnet varme mildt din jord inntil vi sees igjen må Gud holde deg i sin hånd.»

Keltisk velsigning

Interessert i pilegrimsvandringa?
Kontakt Astrid, så får du meir informasjon.
Tlf. 906 59 921

JANS HJØRNE



Og så var det presten, ein god gamaldags ein. Han hadde tent kyrkjelyden lenge, og fekk etter kvart ein kapellan som medhjelpar.

Ein søndag gamlepresten sto på preikestolen, kom kapellannen farande opp trappa og formidla fortørna fylgjande : Det sit fleire karar bak orglet og spelar kort!!

Gamlepresten såg intenst på kapellannen og sa; du skjønar vel at eg ikkje kan bli med før eg er ferdig med preika...

Vi er her alltid. Også i sommer.

GI EN SAMTALE TIL EN SOM TRENGER DET.

Send sms **ALLTID3** til 2160 (150,-)

Kontonummer: 7011 05 20067



KIRKENS
SOS
kirkens-sos.no/ho



**Etnedal
kommune**

- Minst og best -



Kommune-info
Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no

Stortings- og sametingsvalget 2017

Valgdag er i statsråd 22. april 2016 fastsatt til mandag 11. september 2017

Kommestyret fattet følgende vedtak i sitt møte 21.06.16, sak 53/16:
I forbindelse med stortings- og sametingsvalget 2017 skal det i Etnedal kommune også være valgdag søndag 10. september.

Kommunestyret og valgstyret har vedtatt følgende:
Det skal i Etnedal være en stemmekrets – Etnedal krets.

Stemmetider:
Søndag 10. september 2017: kl.13.00 – kl.18.00
Mandag 11. september 2017: kl.11.00 – kl.18.00

Forhåndstemmegiving
Forhånddstemmegiving foregår på servicekontoret fra 10. aug. til 8. sept.
Mandag – fredag: kl.08.00 – kl.15.30

Forhåndstemming på Etnedalsheimen
tirsdag 5. sept. kl.11.00 – 13.00.

Hjemmestemming:
Frist for syke og uføre til å søke om hjemmestemming er tirsdag 5. sept. kl.11.00.

Mer generell informasjon om valget finner du på www.valg.no.




Arr: Etnedal Jeger & Fisk og Granumsbygda Vel

Etnedal Jeger- og fiskeforening og Granumsbygda Vel er arrangør av Etnedalsdagane 2017. Dei ynskjer velkommen til ny stor utstilling, mykje god underhaldning, artige konkurransar og konsertar. «Stubbad'n» gleder seg til å spele til dans om kvelden. Arrangementet er ved Etnedalshallen. Sjå Etnedalsdagane 2017 på Facebook.

Hesteslepp på Lenningen 25. juni
Det tradisjonelle sleppet av hestar på Lenningen vert i år 25. juni om hamninga er god nok. Publikum kan vente seg våryre hestar i vakker Valdresnatur, bevertning og kanskje ein god hesteprat. Arrangør er Etnedal Hesteavlslag.
www.etnedalhesteavlslag.no




Kari Småladen, Marlyn Bergeid og Reidun Skjellerud (arkivbilde)



**Etnedal
kommune**

- Minst og best -

Sommerlåter på

Etnedalsheimen 12. juli

Den kulturelle spaserstokken inviterer til konsert på Etnedalsheimen 12. juli kl. 16.00. Håkon Rosseland fremfører svingende sommerlåter for beboere og besøkende.

Bustenskjoldstemne i skyting 19.-23. juli



Bustenskjoldstemnet vert òg i år ei god oppvarming før Landskytterstemnet. Dei meir enn 600 deltakarane kjem frå heile landet. For påmelding

og meir informasjon, kan ein ta kontakt med Etnedal Skytterlag. www.etnedal-skytterlag.no

Tour de Synnfjell

18.-20. august

Etnedal Skilag og de andre arrangørene ønsker velkommen til ny runde med Tour de Synnfjell også i 2017. I år feirer arrangementet 10 års jubileum.

Det blir 3 dagers konkurranse som tidligere. Dag 1: Prolog i Bruflat, trolig med endret løypetrasé i år. Dag 2: Spåtind Opp blir som i fjor ved Gamlestølen og med start fra Brennelva bru. Dag 3: Triathlon, Skiathlon og en egen klasse for de minste.

Har du gamle protokoller eller andre kulturhistoriske dokumenter?

Kulturkontoret og flere frivillige lag er opptatt av å ta vare på gamle protokoller og andre dokumenter som har kulturhistorisk verdi. Sammen har vi opprettet lagerplass i den gamle skytehallen i kjelleren på Etnedal skule.

Dersom du har gamle protokoller eller andre kulturhistoriske dokumenter fra aktivitet i frivillige lag og organisasjoner i Etnedal, tar vi gjerne imot slikt materiale. Materialet kan leveres på kulturkontoret eller på kommunens servicetorg.



Hengekøyefestival

Gamlestølen 04.-06. august

Gamlestølen inviterer til stor friluftsfestival 04.-06. august 2017 ved foten av Spåtind. Alle ønskes velkommen til en to dager lang internasjonal musikk- og friluftsfestival i den norske fjellheimen i Valdres! Overnatting foregår ute i hengekøyer.

Gjestene får opplevelser med utgangspunkt i lokale ressurser, kulturarv og mattradisjoner fra Valdres. Det blir flere musikkonsserter både med lokale talent og norske og internasjonale artister. I tillegg til konsertene planlegges ulike villmarksaktiviteter som fjellyoga, myrvolleyball, bading, slackline og tvekamp.

Mer informasjon og påmelding på www.hammockfestival.com.

Informasjonstavler om krigshandlinger i Etnedal Prosjekt "Valdres 1940"

Etnedal historielag har i samarbeid med oberstløytnant og historiker Knut Werner-Hagen og kulturkontoret utarbeidet om lag 20 informasjonstavler om krigshandlinger i Etnedal under andre verdenskrig. Tavlene settes opp i løpet av sommeren. Det blir tavler blant annet på Høljarast, ved Lundebrua, på Bruflat og på Tonsåsen. Alle er velkomne til å ta en titt!

Etter hvert vil teksten også legges ut på kommunens hjemmeside. Ønsker du mer informasjon, kan du kontakte leder i istorielaget, Jorunn W. Steinsvoll, eller Gabi Becker på kulturkontoret.


Etnedal
kommune



- Minst og best -

Nøkkel

Samfunnshuset ved Etnedal skule har fått dørlås med kort. Dersom du har ein gamal 3-er-nøkkel, er det fint om du kan levere han på servicetorget i kommunen. Me ynskjer også å få inn 5-er-nøklane til den gamle skytehallen i kjellaren ved skulen.

Aktivitetsdagar på Valdres Folkemuseum 19.-20. august

19.-20. august er det tid for tradisjonsrike etnedalsaktivitetar på Valdres Folkemuseum. Me ynskjer å syne fram gamle handverk, handarbeid, mat- og musikktradisjonar frå Etnedal. Flatigarden og dei andre Etnedalshusa er naturleg ramme omkring aktivitetdagen.



Har du lyst til å delta med handverk, handarbeid, kunstmåling, bakst, underhaldning eller anna?

Ta kontakt med Ingun Kompen i Etnedal kulturråd på telefon 909 40 155 eller med Gabi Becker på kulturkontoret (61121350 – g.becker@etnedal.kommune.no).

Du er sjølvstøtt også velkommen som gjest!

Frivillige i Etnedal er arrangør av Etnedalshelg i samarbeid med Nasjonalforeningen Etnedal Helselag, kulturkontoret i Etnedal kommune og Valdresmusea.

Slektsforskning

Alle som er interessert i slektsforskning kan benytte seg av slektsdatabasen S-AGA (Scandinavian-American Genealogical Association). Dette er en online slektsdatabase med dokumentasjon over innbyggere i Norge fra tidligere tider og fram til i dag. Den inneholder også informasjon om norske etterkommere i Amerika.

S-AGA har først og fremst fokusert på Etnedal, øvrige Valdreskommuner, Hallingdal, Søndre Land og Nordre Land, men andre kommuner i Norge er også representert. Adgang til databasen er gratis,

men det kreves at man registrerer seg. Databasens adresse er www.s-aga.org/TNG. Under «Register for a user account» fyller du inn navn, epostadresse, brukernavn og passord.

Databasen er bygd opp og administreres av amerikaneren Darin Flansburg, bosatt i Minnesota, og Per Odd Smelhus, født, oppvokst og bosatt i Etnedal, og Einar Endrerud, bosatt på Dokka. Flansburg har sterke røtter i Etnedal, to av hans tippoldeforeldre var fra henholdsvis Breiesengen og Espesetbakken.

Alle tre har dette arbeidet som altoppslukende hobby, Flansburg jobber fra sin base i Minnesota og Smelhus og Endrerud fra sine baser i Norge. Det er interessant å kunne koble norske familier med sine amerikanske slektninger og omvent. «Connecting people» er slagordet. Ildsjelene ønsker relevant informasjon fra publikum.

Den kan sendes til p-smel@online.no.



Ordfører Toril Grønbrekk, Darin og Lisa Flansburg, Per Odd Smelhus 2015.


Sandvolleyball på Bruflat

Sandvolleyballbanen på Bruflat er klargjort for sommeren. Banen er åpen for alle og ball kan lånes hos YX Bruflat.





Etnedal
kommune



- Minst og best -



VALDRES
SOMMERSYMFONI

Konsert i Bruflat Kyrkje
30. juni 2017 kl. 18:00

«Dansende ballader» med
Guro Kleven Hagen, Henning
Kraggerud m.fl.



Eugène Ysaÿe (1858-1931)
Solosonate nr. 3, "Ballade"
Henning Kraggerud, folin

Henning Kraggerud (1973-)
Duo Gemini
Henning Kraggerud, folin
Guro Kleven Hagen, folin

Johannes Brahms (1833-1897)
Sekstett nr. 1 i B-dur, op. 18
1. Allegro ma non troppo
2. Andante, ma moderato
3. Scherzo: Allegro molto
4. Rondo: Poco Allegretto e grazioso

Jeremy Menuhin (1951-)

Urfremføring av sekstett
Henning Kraggerud, folin
Alva Holm og Inga Våga Gaustad, folin (unge festivalutøvarar)
Nora Taksdal, bratsj
Albin Usijärvi, og Gustav Rørmark, bratsj (unge festivalutøvarar)
Ernst Simon Glaser, cello
Daniel Thorell og Brage Botn-Seim, cello (unge festivalutøvarar)

Inngang: 270,- vaksne, 120,- barn/student


Billetter: <http://sommersymfoni.no/festivalen/program-og-billetter.aspx> eller i døra

Ny utstilling på Blaaflat Spiseri

Turid Nysveen stiller ut vakre malerier på Blaaflat Spiseri fram til 23. juni. Deretter kommer Geir Norling med utstilling av fotografier.

Alle er velkomne for å ta en titt! Åpningstidene på Spiseriet er man-tor 8 - 16, fre 8 - 24, lør 11 -24 og søn 13 -18.

Ønsker du å stille ut bildene dine på Spiseriet? Kontakt Gabi på kulturkontoret: 61121350, g.becker@etnedal.kommune.no



Etnedalsdagane

2017



Aktivitetar: Økseasting, hundekjøring, brusassestabling, hesteskokasting med meir. .

Program Etnedalsdagane 2017

Laurdag 1. juli

- 12.00 Opning v. ordførar Toril
- 12.15 Jorun's spelar opp med god musikk
- 12.30 Utdeling av Etnedal kommunes Idrettspris
- 13.00 Minikonsert med *Wild Orange*, folk rock med variert innhold. Fiolin og gitar, alt fra vakker rolig musikk, til mer trøkk.
- 15.30 Taugdragingkonkurranse mellom grendene
- 16.15 Smakebit frå *Stubbad'n* – utfløtte Etnedøler, som spelar opp til dans på kvelden
- 17.00 Finaler i økseasting, pilkast og hesteskokasting
- 18.00 Utstilling stenger for dagen



Laurdag kveld:

- 19.00 Dørene opnast for kveldsarrangement
- 20.00 Ole Listerudbakken som «*Øspekallen*» underheld.
- 21.00 «*Stubbad'n*» - utfløtte Etnedøler - spelar opp til dans!
- 24.00 Dørene stengast



Sundag 2. juli

- 11.00 Gudsteneste v. Marit Slettum
Serhiy Bykov og Yulianna Bykova , *Honning og Rigabalsam*
- 12.00 Opning av utstilling
- 12.15 «*Frikar*» underheld med spektakulær danseoppvisning
- 12.45 2.kl ved Etnedal Skule opptrer med song
- 13.00 Utdeling av Olav Øverlis minne pris
- 14.00 Konkurranse mellom ulike bedrifter og lag, her blir det spenning.
- 15.00 Utdeling av «*Bustenskjold ærespris*»
- 15.30 Finaler i økseast, pilkast og hesteko
- 17.15 Trekning
- 18.00 Utstilling stenger



Kristian Bergsund kommer med utstilling av våpen og minner fra krigens dager.
Særlig fokus på *Tysklandsbrigaden*.

v:pps
Kode:107414

Priser: Voksen 100,- Barn 50,- Familie 200,-
Helgepass: Voksen 150,- Barn 80,- Familie 300,-
Kveldsarrangement: 200,-



ETNEDAL
SPAREBANK

Arr: Etnedal Jeger & Fisk og Granumsbygda Vel

DESIGN: IRONOXIDE.no

Mykje å gle seg over

Eit lite utval mai-minner



Vi har utruleg gode og flinke ungar i Etnedal

Her frå kulturskulekonserten i teltet 23. mai

Frå venstre : Emma Sletli Thorsholen, Mathilde Veka, Oda Bjørndal Lund.

Gitar: Madelen Urberg, Mia Nybråten, Linn Korsvoll.
Key-board: Anne Marte Telstø.

Lærarane er : Bente Hemsing, Arne Nygård og Serhiy Bykov.

Foto: Marit Slettum



Det gode frie, demokratiske landet vårt feirar vi kvart år. Arkivbilde frå 2015.



Det er fødd i overkant av 400 lam på Haugen i år.

Eit av vårens vakraste eventyr, alle lam som er fødde, også her i Etnedal

Her presenterer Vilde Tollehaug eitt av dei, i det nye store fjøset på Haugen.

Foto: Marit Slettum

Har du eit bilde og/eller lite innlegg som du kan tenke deg å sende inn til «Mykje å gle seg over» i neste Kyrkjevarde? I så fall blir redaktøren veldig glad.



Snart reiser nytt helsehus seg på Bruflat, Martin Kompen i full gang med grunnarbeidet. Det starta i mai, bildet er take frå møterommet Hafsenn 3. juni.



Gratulerer til 7. klasse ved Etnedal skule, som vann hoppetaukonkurransen som Nasjonalforeningen for folkehelsen arrangerer kvart år. Vi rakk ikkje å få med bilde, men unnar oss eit frå arkivet, for Etnedal skule har vunne konkurransen i Oppland ti år på rad. Heia Etnedal skule! Vi er kjempestolte av dykk!

Dåpshøgtid

Ein av konfirmantane våre, Daniel Nyseth vart døypt laurdag 13. mai i Bruflat kyrkje.



Daniel saman med foreldra Jan Olav Nyseth og Olga Vladimirovna Kozlova, fadrane Gry Johannessen og May Britt Bråthen og Marit prest

SLEKTERS GANG

DØYPTE



Bruflat kyrkje
Daniel Nyseth

13. mai

DØDE



Bruflat sokn
Eva Bergene

Død
16. mars

Jordfest
24. mars

Konfirmantane 2017

samla etter samtalegudstenesta i N.Etnedal kyrkje 31.mai



Bak: Mikael Ødegård Skåren, Sigve Stubbene, Henrik Røhne Trondhjem, Sander Bekim Åmodt, Øyvind Telstø, Fredrik Fossum, Daniel Nyseth og Vegard Thon.

Foran: Marit prest, Tonje Madelen Rønsmoen, Anette Bergene, Caroline Tidemansen Kompelien, Ragnhild Flugstad Øistuen og Kjersti Sogn Bergene.

**Søndag 2. juli – 4. søndag i treenighetstiden***Prekentekest : Mark. 10, 17-27*

kl. 1100 Etnedal samfunnshus, i samband med Etnedalsdagane 2017.

Søndag 16. juli – Aposteldagen*Prekentekest : Luk. 5,1-11*

kl. 1900 Bruflat kyrkje. Kveldsmesse med nattverd ved prestevikar Sophie Panknin. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 30. juli – 8. søndag i treenighetstiden*Prekentekest : Matt. 6,19-24*

kl. 1300 (Merk tida!) N. Tangen. Stølsmesse ved soknepresten. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Søndag 6. august – Inga gudsteneste**Søndag 13. august – 10. søndag i treenighetstiden***Prekentekest: Luk. 5, 27-32*

Kl. 1100 Bruflat kyrkje. Høgmesse med nattverd Takkoffer til Laget-NKSS (Norges kristne student-og skoleungdomslag)

Søndag 20. august – 11. søndag i treenighetstiden*Prekentekest : Matt. 23, 37-39*

kl. 1100 Valdres folkemuseum i samband med Etnedalshelga. Takkoffer til Pilegrimsvegen i Valdres.

Søndag 27. august – 12. søndag i treenighetstiden*Prekenetekst : Ef. 2,1-10*

kl. 1100 N. Leningen sæterhus. Stølsmesse. Markering av skulestart og utdeling av kyrkjebok til 6-åringar. Takkoffer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter. Servering.

Søndag 3. september – 13. søndag i treenighetstiden*Prekentekest : Matt.25, 14-30*

kl. 1100 Bruflat kyrkje. Normisjonsdag. Nattverd. Utdeling av 4-årsbok Regionleiar Ann Helen Aaslund talar. Husmormusikken frå Hedalen syng. (Samling for barna i sakristiet under preika) 50-års konfirmantjubileum. Takkoffer til Normisjon.

Søndag 10. september – Vingårdssøndagen*Prekentekest : Matt.20, 1-16*

kl. 1100 N. Etnedal kyrkje. Gudsteneste. Nattverd. 50-års konfirmantjubileum Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

Søndag 17. september – Inga gudsteneste**Laurdag 23. september**

Kl. 1300 Kyrkjesletta, Dalen. Vandring for dei nye konfirmantane til N. Etnedal kyrkje.

Søndag 24. september - 16. søndag i treenighetstiden*Prekentekest : Mark. 7,31-37*

kl. 1100 Bruflat kyrkje. Visitagudsteneste ved biskop Solveig Fiske m.fl. Nattverd. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Det norske Bibelselskap

*Med atterhald om evt. endringar**Gudstenestene blir kunngjort på torsdagar i «avisa Valdres»*

Stølsmesse på N. Tangen 30. juli kl. 13





Den prektigkledde sommerfugl

Den prektigkledde sommerfugl
er fløyet fra Guds hånd.
Han gav den gyldne ringer
og røde purpurbånd.

Han lærte den å flyge høyt,
høyere enn jeg er.
Den har nok fuglens lyster,
men ei dens dun og fjær.

Og alle verdens mennesker
og alle kongebud
ei gjøre kan en sommerfugl.
Det kan alene Gud.

Henrik Wergeland